Førde IL Fotball

Lagleiarhåndbok

Lagleiarhåndbok
Førde IL Fotball

Innleiing 2

Om Førde IL Fotball 2

Fotballstyret og administrasjon 2

Barnefotball 2

Ungdomsfotball 3

Sone- og kretstilbud 3

Lagleder – introduksjon og forventning 3

Tildeling av rollen 3

Forventninger til rollen 3

Oppgåver til rollen 3

Utstyr 3

Lagspåmelding 4

Lagsliste og lagsinformasjon 4

Kommunikasjon 4

Økonomi 5

Medlemsavgift og treningsavgift 5

Aktivitet 5

Fair play 5

Trening 5

Heimekamp 5

Bortekamp 6

Etter sesongen 6

Evaluering 6

Annet 6

Avslutning 7

Revideringslogg:

Ny 01.03.2025

Lagleiarhåndbok
Førde IL Fotball

Innleiing

Fyrst og fremst takk for at du tar på deg ei rolla hos oss. Vi håpar at denne håndboka er ei god støtte i kvardagen. Ein lagleiar har ei viktig rolla for spelara, trenara og klubben. Denne håndboka gir oversikt over lagleiarens oppgåver og korleis ein kan bidra til å gjera fotballkvardagen god.

Målet med vår fotballaktivitet er at den skal bli opplevd trygg og god for alle som tar del i den. Både dei som spelar, dei som har ei rolle rundt laget, er supportarar eller våre dommarar og motstandarar. Lagleiaren er heilt avgjerande for oss for at vi skal nå det målet.

Samspelet med trenarteamet og foreldregruppa er avgjerande. Å gjennomføra to foreldremøter i året er derfor vedtatt av klubben at ein skal gjera. Klubben produserer presentasjonane til foreldremøta, og legg dei ut på Hoopit.

Om Førde IL Fotball

Fotballstyret og administrasjon

Fotballgruppa er ein av mange undergrupper til Førde idrettslag. Vi er styrt av eit fotballstyre, og har fleire ansatte i administrasjonen.

Fotballstyret vårt ser du her.

Oversikt og kontaktinformasjon til alle klubbrollar finner du her.

Administrasjonen er dagleg leiar Per Øyvind Storevik, sportsleg leiar Helge Bjørke og spelar- og trenarutviklar Bjørn Totland. Dei er alle å nå i Hafstadparken, der klubben har kontor.

Sportsleg leiar Helge Bjørke har det overordna daglege ansvaret for fotballaktiviteten i klubben. Saman med Bjørn, sportsleg utvalg og fotballstyret legg dei til rette for den trygge og gode aktiviteten klubben organiserar.

Barnefotball

I barnefotballen er sportsleg leiar Helge Bjørke overordna ansvarleg. I tillegg har klubben ein barnefotballansvarleg som har den daglege oppfølginga av laga i alderen 6 til 11 år. 12-åringane er det sportsleg leiar som følger opp.

Vi har eigen rekrutteringsansvarleg, som organiserar oppstarten for dei yngste.
Rekrutteringsprosessen kan du lesa om her.

Det er trenar og lagleiar som fastsett oppstart kvart år for sitt årskull. Dette kan sportsleg leiar, barnefotballansvarleg eller spelar- og trenarutviklar hjelpa til med om ynskjeleg.

I alderen 6-9 år deltar ein i kongleriket som serieturnering. 8-årsklassen får tilbud om lokal turnering i tillegg. 9-årsklassen får tilbod om kretsvise seriekampar i tillegg til kongleriket. Barnefotballansvarleg samspelar med trenar og lagleiar om påmeldinga.

10-12 årsklassane deltar i kretsvis seriespel.

7-11 årsklassane får tilbud om + økter gjennom året. 9-12 årsklassane får tilbud om Åsen & Øvrelid Fotballakademi i perioden oktober – april.

I juni og august tilbyr vi Tine Fotballskule.

Lagleiarhåndbok
Førde IL Fotball

All ekstratilbud er beskrevet i sportsplanen, og informasjon om aktivitetane kjem på Hoopit og heimesida vår.

Ungdomsfotball

I ungdomsfotballen er sportsleg leiar Helge Bjørke overordna ansvarleg. Trenar- og spelarutviklar, sportsleg leiing og a-lagstrenarane på begge kjønn er også med i planlegginga og tilrettelegginga.

Det er trenar og lagleiar som fastsetter oppstart kvart år for sitt årskull. Sportsleg leia, sportsleg leiing eller spelar- og trenarutviklar vil koma med anbefalingar.

13 årsklassen og til og med seniorgruppene får tilbud om spelarutviklingsdag når kampsesongen ikkje pågår. Jentene i alderen 13 til 15 år har tilgang til Sunnfjordakademiet og gutane i alderen 13 til 15 år har tilgang til Førde-Florø. Alt av tilbud blir kommunisert ut på Hoopit og e-post. Dette er organisert av spelar- og trenarutviklar.

Sone- og kretstilbud

NFF Sogn og Fjordane har i aldersgruppa 12 til 15 år sone og kretslagsaktivitet. Den kan du lesa om her.

Det er spelarutviklar Bjørn Totland som er ansvarleg kretskontakt i vår klubb og organiserer alt rundt dette for Førde IL Fotball. Trenarar samspelar med spelarutviklar i nominering og innspel til sone- og kretslag.

Lagleder – introduksjon og forventning

Tildeling av rollen

Det er barnefotballansvarleg eller sportsleg leiar som tildeler roller i barnefotballen, og sportsleg leiar, sportsleg leiing eller trenarutviklar som tildeler roller i ungdomsfotballen og seniorfotballen.

Vi er ein foreldredrevet klubb, og er avhengig av å rekruttera trenarar og lagleiarar frå foreldregruppa til årskullet. Vi ynskjer, der det er mogeleg og formålstenleg, å rekruttera ekstern trenar i ungdomsfotballen.

Forventninger til rollen

Denne rolla har administrative oppgåver som er skildra i sportsplanen. Der er det også beskrevet kva vi legg i den gode lagleiaren. Særleg trekker vi fram å sjå alle, gå foran og vera positiv. Kultur er viktig, og som innehavar av denne rolla er du med og set standarden med gode holdningar og ved å slå ned på dårleg språk og uønska hendingar.

Oppgåver til rollen

Utstyr

Kvart lag skal få tildelt drakter, ballar, kjegler og vestar. Antallet ein treng er det lagleder som melder inn. Ein skal henta ut utstyr i januar-mars, og levere inn igjen utstyr i oktober-desember.

Ein ansvarleg frå kvart lag skal kvittere ut draktene. Treng ein supplement er det utstyrsansvarleg for aldersklassen ein kontaktar. Vi som klubb ynskjer at ein brukar ein draktbagg og til kvar kamp deler ut og samlar inn draktene. Det for å ha kontroll over alle drakter. Som lagleiar må ein finna ei ordning innad i foreldregruppa når det kjem til ordning med draktbag.

Lagleiarhåndbok
Førde IL Fotball

Lagspåmelding
Det er klubben som melder på lag til seriespel i fotballkretsen.

Barnefotball: Barnefotballansvarleg skal ha informasjon om antall lag, kven som er trenar og lagleiar på kvart lag og kor mange spelarar dykk er totalt.

Ungdomsfotball: Sportsleg leiar skal ha informasjon om antall lag, kven som er trenar og lagleiar på kvart lag og kor mange spelarar dykk er totalt.

Retningslinjer for påmelding til serie og cup er beskrevet i klubbens sportsplan. Den finner du her.

Lagspåmelding til cup er det lagleiar som sjølv gjer. Klubben dekker ingen påmeldingsavgift, om ikkje annet er kommunisert.

Lagsliste og lagsinformasjon
Kvart lag skal ha oppdatert lagsinformasjon og lagsliste med tilhøyrande foreldre og støtteapparat i Hoopit. Det er lagleiar som er ansvarleg for at denne lista er oppdatert.

Sjå til at alle spelarar har registrert utfyllande kontaktinformasjon. Vi ynskjer følgande registrert per spelar:

- Fornavn og etternavn
- Telefon (om ungdomsfotballspelar)
- E-post (om ungdomsfotballspelar)
- Fødselsdato
- Adresse
- Foresattes epost (minst én)
- Foresattes telefonnummer (minst én)

Om spelarar kjem til, skal det meldast inn til medlemsansvarleg. Det samme gjelder om spelarar sluttar. Kjenner ein årsaken til at spelaren sluttar og den er relevant for klubben å kjenne til, skal det sendast til barnefotballansvarleg (barnefotball) eller sportsleg leiar (alle aldersklassar).

Kommunikasjon
Klubben benyttar Hoopit som kommunikasjonskanal. Kvart årskull får tilgang til si eiga gruppa, der ein kan kommunisere og planlegge året. Klubben har tilgang og vil kunne kommunisere med spelarane, støtteapparatet og foreldre. Vi har retningslinjer for kommunikasjon i klubbhåndboka vår, når det kjem til bruk av sosiale medier. Den finner du her.

Vi har også tillatt at ein nyttar spond for dei eldste ungdomsfotballaga. Dei laga som ynskjer å bruke spond må avklare dette med administrasjonen. Det fordi vi ynskjer å etablera Hoopit som vårt einaste kommunikasjonsverktøy.

Du som lagleiar har hovudansvar for å informera spelarar og foreldre om treningstider, kampar og andre tiltak og endringar som skjer underveis.

Lag gjerne ein aktivitetskalender for laget i Hoopit, slik at alle er godt orientert om alt som skjer for laget.

Lagleiarhåndbok
Førde IL Fotball

Økonomi

Medlemsavgift og treningsavgift

Informasjon om medlemsavgifta og treningsavgifta finner du her.

Det er pålagt at alle som trenar med laget, skal ha betalt medlemsavgift. Det for å vera forsikra. Ein skal betala treningsavgifta før ein er speleberettiga for fotballsesongen.

Det er administrasjonen som har ansvar og ordnar med faktura og betaling. Dei samspelar med deg som lagleiar om nødvendig.

Aktivitet

Som lagleiar er du med å sikrar at laget er godt forberedt og at alle spelarar og alle i støtteapparatet er trygge og gode i kvardagen. Planlegg gjerne sosiale tiltak saman med trenarteamet.

Fair play

Fair play er samlebegrepet for vårt verdiarbeid og handler om det som skjer på og utenfor banen. Fair play er normen som skal prege aktiviteten vår på alle nivåer, herunder respekt for, og etterlevelse av, gjeldende regelverk, retningslinjer og verdisett.

Fair play-helsing: Det skal gjennomførast før og etter alle kampar ved at begge lag og dommar(ar) stiller opp, helsar og ynskjer kvarandre lykke til før kamp og takker for kampen etter kampslutt. Dette er eit uttrykk for gjensidig respekt.

Fair play-kurs: Alle spelarar i ungdomsfotball og senior, alle trenarar og alle lagleiarar i Førde IL fotball, skal skrive under på ein Fair Play haldningskontrakt. Haldningskontrakta skal vere med på å skape ei bevisstgjering kring Fair Play. Frist er 1. april.

Kampvert: På alle heimekampane skal det vere kampvertar med eigne vestar. Desse vestane skal vere merkte med Fair Play-logo. Alle lag skal ha ein slik vest i lag-baggen.

Trening

Vi oppfordrar alle lagleiarar å vera til stede på trening.

Det er støtteapparatet sitt ansvar at spelarar og støtteapparat har rydda garderobe, bane og utstyr etter trening. Anlegget er eit felles ansvar og alle må gjera sitt for at vi har ryddig bane.

1. Sjekk at alt utstyr er samla inn
2. Sjå over innbytarbenkar, bane og område rundt
3. Kost garderoben etter bruk

Oppstår det uønska hendingar i forbindelse med trening, melder du det inn til Fair play-ansvarleg, sportsleg leiar eller styret. Lag gode rutiner på at spelarar melder seg på eller av trening. Følg opp med å registrera oppmøte. Avklar om dette er trenar eller lagleiar si oppgåva.

Heimekamp

Vi i Førde IL Fotball skal ha gode arrangement. Det er derfor viktig at man har gjer følgande til kvar heimekamp.

Det skal vera ein kampvert på kvar einaste heimekamp. Sett opp liste på kven foreldre som skal vera kampvert til kva kamp.

Lagleiarhåndbok
Førde IL Fotball

Før kamp

1. To dagar før kamp sender du ein sms til dommar(ar) og motstandar. Du ynskjer dei velkommen til vårt anlegg og skriv adressa så dei finner fram. Skriv også kva garderobe dei er tildelt.
2. Møt opp i god tid for å sikre at alt er ok med garderobar til dommar(ar) og begge lag.
3. Sjå til at ditt lag sitt utstyr er klart. Lever ut draktene til laget.
4. Ønsk dommar(ar) og motstandar velkommen og vis dei garderoben.
5. Avklar med dommar og motstandar kven som registrerer hendingar underveis eller etter kamp (mål, gule/raude kort).
6. Sjå over innbyttarbenkar og at banen er klar.

Etter kamp

1. Registrer resultatet i FIKS og registrer målscorarar. Sjekk med dommar angående andre hendingar.
2. Takk motstandar og dommar for kampen.
3. Rydd innbytarbenkar.
4. Samle inn draktene til vask.
5. Sjå til at alle garderobar blir kosta og rydda etter bruk.
6. Gje gjerne ein tilbakemelding til dommaransvarleg i vår klubb, om det var ein klubbintern dommar som dømte. Sjå då mest etter om fløytebruk bra, god bevegelse under kampen og om dommaren gav tydelige teikn.

Dommaransvarleg er Jonas Sande Mossestad; jsm7@hotmail.no / +47 482 80 738.

Bortekamp

Planlegg reiser til bortekamp i god tid. Ein må sette opp køyrelister og etablera rutinar for bytting av køyring internt i foreldregruppa. Sett avreisetidspunkt i god tid før kampstart, slik at ein ikkje må stressa i trafikken. Det skal vera personar over 25 år som køyrer til kamp for barn- og undomslag. Ein skal planlegga for å køyra samla til kamp.

Våre lag skal behandle motstandar sitt anlegg på ein god måte og rydda garderobar etter kamp.

Etter sesongen

Evaluering

Legg ut player 1st undersøkelse til alle spelarar og foreldre. Vi ynskjer tilbakemeldinger om korleis sesongen har gått; kva var bra og kva kan bli betre.

Gjennomfør ei sesongavslutning der ein takkar spelarane. Informer om neste sesong og klubbens planar for årskullet. Gjennomfør også foreldremøte der dette blir tema. Nødvendig informasjon får dykk av klubbens leiing.

Annet

Bruk av fellesareal – benyttar ein fellesarealet i Hafstadparken, må ein sette stolar på plass, rydde søppel og låse. Pizzaembalasje skal i container. Ein kan bestille møterom til administrasjonen. Kalenderen, for å sjå om det er ledig, finner du her.

Lagleiarhåndbok
Førde IL Fotball

Møterom – Alle lag kan bruka Hafstadparken som møtelokasjon. Ein kan bestille møterom til administrasjonen. Kalenderen, for å sjå om det er ledig, finner du her.

Avslutning

Som lagleiar har du ei viktig rolle i å skapa eit positiv og produktivt miljø for laget, støtteapparatet og foreldra. Ved å vera god på truktur og kommunikasjon, samt aktiv på å bygga eit sterkt lagfellesskap, kan du bidra til at laget ditt har ein vellykka og kjekk sesong.